



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
30/23	Teknisk utval	11.05.2023

Oppstart planarbeid - Detaljregulering for Sportshall Hasundgot IL

Samandrag:

Det er søkt om å starte opp detaljregulering av felt OP103 innanfor gnr. 28, bnr. 1 og 8 i Gjerdsbakkane. Formålet med planen er å etablere ein sportshall i regi av Hasundgot IL. Utvidinga er i tråd med kommuneplanens arealdel. Administrasjonen tilrår at arbeidet med reguleringsplanen blir starta opp som omsøkt, men med utvida planavgrensing som inneber fortau langs Gjerdsbakkvegen, i tillegg til å inkludere eksisterande parkeringsplass.

Teknisk utval 11.05.2023

Behandling:

Fellesframleg frå utvalsmedlemmane som tillegg til tilrådinga frå komunalsjef teknisk:

- Dersom kommunestyret gjer vedtak om at ny kommunal barnehage i Hasund krins skal byggjast i Gjerdsbakkane, kan tilleggsarealet markert med raud skravering takast ut av planframlegget, jf. kart datert 04.05.23.
- Om arealet i raud skravering skal vere innlemma i reguleringsplanprosessen, jf. det som går fram over, tek Ulstein kommune økonomisk/praktisk ansvar for framstillinga av den delen av planområdet som er vist med raud skravering, jf. kart datert 04.05.23.

Røysting:

Kommunalsjefen si tilråding med tilleggspunkt i fellesframlegget frå teknisk utval vart samrøystes vedteken med røystetal 7-0.

TEK - 30/23 Vedtak

Teknisk utval støttar at det vert starta opp detaljregulering for Sportshall Hasundgot, planID 20230001, som vist på vedlagt planavgrensing med utvida planområde med fortau langs Gjerdsbakkvegen, datert 04.05.23, i samsvar med plan- og bygningslova § 12-8.

Dersom kommunestyret gjer vedtak om at ny kommunal barnehage i Hasund krins skal byggjast i Gjerdsbakkane, kan tilleggsarealet markert med raud skravering takast ut av planframlegget, jf. kart datert 04.05.23.

Om arealet i raud skravering skal vere innlemma i reguleringsplanprosessen, jf. det som går fram over, tek Ulstein kommune økonomisk/praktisk ansvar for framstillinga av den delen av planområdet som er vist med raud skravering, jf. kart datert 04.05.23.

Kommunalsjefen si tilråding:

Teknisk utval støttar at det vert starta opp detaljregulering for Sportshall Hasundgot, planID 20230001, som vist på vedlagt planavgrensing med utvida planområde med fortau langs Gjerdsbakkvegen, datert 04.05.23, i samsvar med plan- og bygningslova § 12-8.

Vedlegg:

Referat frå oppstartsmøtet - Detaljregulering for sportshall Hasundgot

Planinitiativ

Planavgrensing_04.05.23

Saksopplysningar:

- Planinitiativet

Bakgrunn for planinitiativet er ønske om å detaljregulere for å etablere ein sportshall med tilhøyrande anlegg innanfor gnr. 28, bnr. 1 og 8 i Gjerdsbakkane.

- Planområdet

Planområdet er lokalisert i Gjerdsbakkane. Området er om lag 9,6 daa. Området er ubyggd og delvis skogkledd.

- Overordna plan

Mesteparten av planområdet er omfatta av kommuneplanens arealdel der det står som offentlig eller privat tenesteyting, OP103. Resten er regulert til køyreveg og anlegg for idrett og sport.

Vurdering og konklusjon:

Kommunen ønsker at den føreslegne avgrensinga av planen blir utvida mot sør til å dekke eit fortau langs Gjerdsbakkvegen til kryss mot gangveg til Kjerringnesmyra, i tillegg til å inkludere eksisterande parkering nedom dagens anlegg. Administrasjonen meiner det er fornuftig å legge til rette for å etablere eit fortau langs denne vegen sidan idrettsanlegget genererer ein god del trafikk. Dette blei diskutert i oppstartsmøtet, og forslagsstillar var ikkje einig i at fortau skal bli ein del av denne reguleringsplanen. Dersom det blir vedteke i kommunestyret at ny barnehage i Hasund krins skal byggast i dette området, kan det vurderast om regulering av fortauet skal bli ein del av planarbeidet for barnehagen, dersom dette vert ein prosess som går nokolunde parallelt.

For å unngå at det vert liggjande igjen eit areal frå gammal reguleringsplan vest for Gjerdsbakkvegen, bør planavgrensinga leggjast slik at det ikkje vert liggjande igjen ein «lausriven» del av den gamle reguleringsplanen som ikkje vert erstatta. Forslagstillar sitt forslag til planavgrensing er vist med svart skravur, medan administrasjonen sitt utvida område er vist med raud skravur på vedlagt kart datert 04.05.23.

Hallen er planlagt å bli om lag 50x72 meter. For å sikre at den ikkje vert for ruvande i terrenget, må forslagsstillar levere 3D-modell. Fargebruk på hallen er også eit tema som må vurderast for å dempe fjernverknaden. I dokumentasjon av fjernverknad må feltet synast med bygningar og anlegg.

Planarbeidet må dokumentere, verdisette og vurdere avbøtande eller utbetrande tiltak for:

- Natur- og landskapsverdiar
- Friluftinteresser
- Barn og unge sine interesser
- Fjernverknad
- Grunntilhøve

Administrasjonen tilrår oppstart etter pbl §12-8 av detaljregulering etter pbl §12-3 for Sportshall Hasundgot.

Likestillingsmessige sider ved saka: ingen kjende.

Konsekvensar for folkehelsa: positivt med sportshall.

Miljøkonsekvensar: ingen kjende.

Økonomiske konsekvensar: I forhold til infrastruktur, så kan kommunen bli involvert i forhold til forbetra vegtilkomst, auka leidningsdimensjon for vassforsyninga og nytt fortau langs del av Gjerdsbakkvegen.

Beredskapsmessige konsekvensar: ingen kjende.

Konsekvensar for barn og unge: positivt med sportshall.

Arne Runar Vik
kommunalsjef teknisk

Anita Sundnes
leiar plan- og bygningsavdelinga